

Imponerande talent-mønstring innleia advent

28.11.2010



Birte Nybakk er solist med Røysterett for alle

100 kom til adventkonserten som Røysterett for alle arrangerte i Aktivitetshuset i kveld sjølv om arrangement tildels kolliderte med lysmassa med konfirmantene i kyrkja.

**Det gode frammøtet fortente arrangører og aktørar og då ikkje minst dei til dels svært lovande talentane som var med.
I realiteten var dette ei imponerende mønstring av elevar frå kulturskulen.**



Vegard Døssland er trulig det største musikktalentet i distriktet.

Og klimaks under konserten vart nådd då det trulig største musikalske talentet av alle i distriktet for tida suverent trakterte flygelhorn og kornett: Uskedelingen Vegard Døssland har nådd ein imponerende standard på svært stutt tid og best var han då han avslutta med "Children of Sanchez" etter å ha avvikla "My heart will go on", "Fly me to the moon" og "A child is born". Mn det bør leggjast til at Vegard har god støtte av gruppa si som består av Sindre Aksnes på trommer, Lars Storegjerde på klaver og Stein Haugen på kontrabass.



Lovande songar: Ingrid Handeland

Uskedelingen Aleksander Rebaudo (17) var forkjølt men song vakkert "Jul, jul, strålande jul" som solist. Ingrid Handeland (16) frå Valen imponerte stort både med ein italiensk, engelsk og norsk song og uskedelingen Birte Nybakk (som er berre 14) er også ytterst lovande.

Også akkompagnatørane Ingebjørg Haugland (15) og Louise Årthun (14) bør nemnast i denne oppsummeringa av dei unge og det bør også Sindre som er Vegard sin faste trommeslagar. Og ein bør ikkje gløyma at dei unge songfuglane har hatt ein songlærar som heiter Maria Malmsten.



Lovande songar: Aleksander Rebaudo

Denne gongen leia ho Røysterett for alle gjennom eit tital julesongar som streka under at det er ein imponerende internasjonal songskatt knytta til advent og jul. Fleire av songane er nyinnovde og vi får sikkert høyra dei fleire gonger framover. Det gjeld ikkje minst det nye arrangementet av "Glade jul." Maria hadde også ei overrasking - ho kvad saman med dottera Tirill Eirunn Einarsdotter.

Eit anna og avvekslende innslag i konserten var to bolkar med Kvinnherad Folkemusikklag, som blir leie av Arne Draugsvoll i Herøysund og som gjer ein verdfull innsats for å halda liv i folkedansen. Det dokumenterte dei med spenstige, tradisjonelle slåttar.

Det var også bolkar med bevertning og utlodning og konserten vara i nær 3 timer, noko som var i meste laget. Det kunne også vore varmare i salen, men her må ein tydelegvis legge skulda på sviktande temperaturkontroll.

Konsertleiar Kristian Bringedal kom med den rette introduksjonen:-Dette er for å markera ei vente- og førebuingstid, sa han.

Det vart ei verdig og fin førebuing.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Folkemusikklaget gjer ein verdifull innsats for å halda liv i folkedansen